

Vassdragsutbygging i Årdalsvass- draget i Rogaland - Moglege konse- kvensar for villrein

Prosjekta Sandvatn - Nes og overføring av
Øvre Daladalen til Lyngsvatn

Per Jordhøy, Olav Strand og Lars Arne Bay



NINAs publikasjoner

NINA Rapport

Dette er en elektronisk serie fra 2005 som erstatter de tidligere seriene NINA Fagrapport, NINA Oppdragsmelding og NINA Project Report. Normalt er dette NINAs rapportering til oppdragsgiver etter gjennomført forsknings-, overvåkings- eller utredningsarbeid. I tillegg vil serien favne mye av instituttets øvrige rapportering, for eksempel fra seminarer og konferanser, resultater av eget forsknings- og utredningsarbeid og litteraturstudier. NINA Rapport kan også utgis på annet språk når det er hensiktsmessig.

NINA Temahefte

Som navnet angir behandler temaheftene spesielle emner. Heftene utarbeides etter behov og serien favner svært vidt; fra systematiske bestemmelsesnøkler til informasjon om viktige problemstillinger i samfunnet. NINA Temahefte gis vanligvis en populærvitenskapelig form med mer vekt på illustrasjoner enn NINA Rapport.

NINA Fakta

Faktaarkene har som mål å gjøre NINAs forskningsresultater raskt og enkelt tilgjengelig for et større publikum. De sendes til presse, ideelle organisasjoner, naturforvaltningen på ulike nivå, politikere og andre spesielt interesserte. Faktaarkene gir en kort framstilling av noen av våre viktigste forskningstema.

Annen publisering

I tillegg til rapporteringen i NINAs egne serier publiserer instituttets ansatte en stor del av sine vitenskapelige resultater i internasjonale journaler, populærfaglige bøker og tidsskrifter.

Norsk institutt for naturforskning

Vassdragsutbygging i Årdalsvass- draget i Rogaland - Moglege konse- kvensar for villrein

**Prosjekta Sandvatn - Nes og overføring av
Øvre Daladalen til Lyngsvatn**

Per Jordhøy, Olav Strand og Lars Arne Bay

NINA Rapport 518. 30 s.

Trondheim 12.01.2010

ISSN: 1504-3312

ISBN: 978-82-426-2090-3

RETTIGHETSHAVER

© Norsk institutt for naturforskning

Publikasjonen kan siteres fritt med kildeangivelse

TILGJENGELIGHET

Open

PUBLISERINGSTYPE

Digitalt dokument (pdf)

REDAKSJON

Per Jordhøy

KVALITETSSIKRET AV

Inga Bruteig

ANSVARLIG SIGNATUR

Forskningssjef Inga Bruteig (sign.)

OPPDRAGSGIVER(E)

Lyse Produksjon

KONTAKTPERSON(ER) HOS OPPDRAGSGIVER

Arild Stene

FORSIDEBILDE

Frå utbyggingsområdet Foto: Per Jordhøy

NØKKEWORD

Sandvatn – Storåna, vassdragsutbygging, Rogaland fylke

- Villrein

- Fagleg utgreiing

- Forundersøking

KEY WORDS

Villrein og kraftutbygging

KONTAKTOPPLYSNINGER

NINA hovedkontor

7485 Trondheim

Telefon: 73 80 14 00

Telefaks: 73 80 14 01

NINA Oslo

Gaustadalléen 21

0349 Oslo

Telefon: 73 80 14 00

Telefaks: 22 60 04 24

NINA Tromsø

Polarmiljøsenteret

9296 Tromsø

Telefon: 77 75 04 00

Telefaks: 77 75 04 01

NINA Lillehammer

Fakkeltgården

2624 Lillehammer

Telefon: 73 80 14 00

Telefaks: 61 22 22 15

www.nina.no

Samandrag

Jordhøy, P., Strand, O. og Bay, L. A. 2009. Vassdragsutbygging i Årdalsvassdraget i Rogaland - Moglege konsekvensar for villrein. Prosjekta Sandvatn - Nes og overføring av Øvre Daladalen til Lyngsvatn. – NINA Rapport 518. 30 s.]

Lyse produksjon har planar om å nytte vassfallet mellom Sandvatnet og Storåna ved Nes i Rogaland i to nye kraftverk, samt overføre øvre Daladalen til Lyngsvatn.

Områda som vert påverka av utbygginga utgjør randsoner innan leveområda til villreinbestanden i Setesdal Ryfylkeheiane villreinområde. Målet med denne rapporten er å få synt kva moglege konsekvensar inngrepet vil kunne ha for villreinen her.

Lyngsvatn og omegn ligg innan Setesdal Ryfylkeheiane villreinområde, som grensar mot Hardangervidda i nord og Setesdal Austhei i aust. Dette villreinområdet er vårt nest største og huser Europas særlegaste villreinbestand.

Ut frå førekomst og utbreiing av fangstrelaterte kulturminne i Setesdalsheiane, samt røynslekunnskap om reinen sin områdebruk, indikerer det at området ikring Lyngsvatn og Sandvatnet truleg har vore randsoner i villreinområdet.

Setesdal-Ryfylkeheiane har vore underlagt omfattande granskingar i for- og etterkant av vasskraftutbyggingsprosjekt, og resultata viser i hovudtrekk at dyra sin arealbruk i aukande grad har vore påverka av dei store vassdragsreguleringane. Etableringa av Blåsjø, har saman med tidlegare utbyggingar, ført til barriereeffekt slik at områda vest for nord-søraksen Blåsjø - Svartevatn har vorte tyngre tilgjengeleg for reinen.

I dei siste åra har NINA i samarbeid med lokal villreinformvaltning hatt i gang eit GPS-prosjekt i Setesdalsområda. Eit tal simler har vore fylgd jamnt slik at ein skulle kunne sjå kva områder som har vore nytta. For dei siste to åra har ein registrert at det meste av vinterobservasjonane har vore i den nordlege delen av Setesdal-Ryfylkeheiane, mest konsentrert til området ikring Store Urevatn og Vatnedalen. Same mønsteret er det for sommarobservasjonane, men her med ein litt nordlegare konsentrasjon. I perioden januar-oktober 2009 er også hovudtyngda av merka simler registrert aust for aksene Blåsjø - Svartevassmagasinet (figur 9). I vest er det rettnok plott frå Litle Auradalen i sør (Kolbeinstrondi) til Storsteinsvatnet i nord (Simlekvellen) og vestover mot fylkesgrensa på høgste Auråhorten. Ein må gjere merksam på at merkeprosjekta ikkje fangar opp bukkeflokkane sin bruk av områda i den grad bukkane ikkje er integrerte i fostringsflokkane - da ein ikkje har GPS-sendarar montert på bukkar i mangel på godkjent metode.

Anleggsperioden vil generere uroing for reinen som nyttar området. Flokkane sin tradisjonbruk av området vil difor kunne opphøyre i kortare eller lengre tid. Røynsla viser at dyra tek opp at bruken etter ei tid, dersom uroinga opphøyrrer etter ferdigstilling av anlegget.

Utbygginga sine inngrep (tunnellar og nedgravde rørygater) vil ikkje i noko omfang utgjere permanent forringing av beite eller fysiske barrierer for reinen.

Området ligg i ein sone med mykje nedbør og har såleis store snømengder vinterstid og vinterbeitepotensialet er difor avgrensa. Men området utgjer viktige sommarhabitat for reinen, og sesongen for barmarksbeite er relativt lang. Ut frå kunnskap om generell habitatbruk og kjente observasjonar, vil ein elles tru at det i størst grad er bukkar som trekker vestover til desse traktene i barmarkssesongen. Lokal røynslekunnskap tilseier rett nok at også fostringflokkar kan førekoma her, men at dette mellom anna avheng av bestandsstorleiken.

I det heile kan vi ikkje sjå at inngrepa i seg sjølve vil kunne føre til store permanente konflikhtar i høve til rein, men uroing i anleggsperioden vil kunne føre til at reinen i større grad enn normalt unnvik området for ein periode.

Bandlegging av aktuelt beiteareal for rein i samband med inngrepa vil truleg vere av lite omfang, men ein må anmerke at delar av området har mykje lausmassar som generelt sett gjev betre beite enn det som er vanleg i dette grunnfjellsprega området.

Ein bør tilstrebe minst mogleg uroing (menneskeleg aktivitet) i dei delane av utbyggingsområdet som ligg innan reinen sine leveområde, og at reinen sitt funksjonspotensiale på sikt blir det tilnærma same som før utbygginga. Det vil seie at området til dømes ikkje blir lettare tilgjengeleggjort gjennom betra vegutbygging og anna tilrettelegging.

Per Jordhøy, Norsk institutt for naturforskning, 7485 Trondheim.
per.jordhoy@nina.no

Innhald

Samandrag	3
Innhald	5
Føreord	6
1 Utbyggingsplanane.....	7
2 Kunnskapsstatus om uroing og inngrep i høve til rein	9
3 Kunnskapsstatus om villreinen i Setesdal Vesthei	12
3.1 Geografi og naturgrunnlag	12
3.2 Historiske fangstanlegg i området.....	13
3.3 Store vasskraftutbyggingar i området.....	15
3.4 Villreinen sin bruk av leveområdet	15
3.5 Villreinen sin bruk av områda ikring Lyngsvatn – Sandvatnet	16
3.6 Informasjon frå lokale kjelder (info. frå Sigmund Tjentland)	19
3.7 Data frå rapportar	19
3.8 Nyare arealbruksgranskingar	22
4 Villreinfagleg vurdering av konsekvensane for rein i høve til inngrepa som er planlagt.....	24
4.1 Generelt om reinen sine føremoner og avgrensingar i området.....	24
4.2 Konsekvensar av inngrep og uroing i samband med ei mogleg utbygging	24
4.3 Forslag til tiltak	25
5 Referert og nytta litteratur.....	25

Føreord

Lyse produksjon har planar om å nytte vassfallet mellom Sandvatnet og Storåna ved Nes i Rogaland i to nye kraftverk, samt overføre Øvre Daladalen til Lyngsvatn.

Områda som vert påverka av utbygginga utgjer randsoner innan leveområda til villreinbestanden i Setesdal Ryfylkeheiane villreinområde. Målet med denne rapporten er å få synt kva moglege konsekvensar inngrepet vil kunne ha for villreinen her.

Rapporten sin basisdel fokuserer på generell kunnskap om uroing og inngrep i høve til rein. Denne basiskunnskapen er viktig for forståinga av villreinen sin økologi og menneskeskipa handlingar innan leveområdet. I rapporten vert det også oppsummert status over villreinen sitt bruksmønster i Setesdal Ryfylkeheiane i dag og tidlegare. Ein har her lagt til grunn historiske data og lengre seriar med kartfesta data frå teljingar og registreringar av GPS-merka dyr. Frå lokalt hald er informasjon frå Sigmund Tjentland nytta for å få innsikt i lokale tilhøve.

Til slutt vert det gjort villreinfaglege vurderingar om kva konsekvensar tiltaket er venta å få for villreinbestanden, ut frå dei fakta som er lagt til grunn.

Det er gjennomført ei synfaring i området i samband med dette oppdraget, saman med representant for oppdragsgjevar Arild Stene (15.10.2009). Lars Arne Bay frå Statskog var da med og informerte om lokale tilhøve og røynsler med reinen sin bruk av området kring utbyggingsområdet.

NINA takkar oppdragsgjevar og andre involverte for godt samarbeid!

Trondheim 12.01.2010

Per Jordhøy

1 Utbyggingsplanane

Planane inneber

- a) nytting av vassfallet mellom Sandvatn og Storåna
- b) overføring av Øvre Daladalen til Lyngsvatn

a) Sandvatn - Nes

Utbyggingsplanane omfattar utnytting av vassfallet mellom Sandvatn og Storåna ved Nes i to kraftverk (figur 1). Urdavatn kraftverk utnyttar fallet frå Sandvatn til Urdavatn. Inntaket vert lagt i Sandvatn og blir nytta innafor naturleg vasstandsvariasjon. Vassvegen frå Sandvatn til Urdavatn kraftverk blir lagt i 900 meter lang tunnel gjennom Jamnarheia og vidare i 700 meter lang nedgravn røyrgate til kraftstasjonen. Etter at vatnet har passert Urdavatn kraftverk renn det vidare ned mot Breidavadet. Nes kraftverk har inntak rett nedstrøms utløpsosen av Breidavadet. Frå inntaket nedstrøms Breidavadet blir det etablert ein 500 meter lang tunnel ned til Myrane, ei 800 meter lang nedgravn røyrgate over myrane, og så ein 1800 meter lang tunnel ned til Nes kraftverk. Nes kraftstasjon er planlagt bygd i fjell. Nes kraftstasjon får utløp i Storåna, noko nedstrøms vandringshinder (Rustainen) for laks og sjøaure i Storåna. For å oppretthalde minstevannføringa i Storåna er det aktuelt å etablere ein tappetunnel mellom Lyngsvatn og Sandvatn.

Hoveddata

	Urdavatn kraftverk	Nes kraftverk
Nedbørfelt	20 km ²	30 km ²
Midlare brutto/netto fallhøgde	137 m	305 m
Maks yting v/midlare fallhøgde	6 MW	17 MW
Årleg produksjon	23 GWh	70 GWh
Byggetid	2 år	2 år
Utbyggingskostnad	82 mill. NOK	208 mill. NOK



Figur 1. Skisse over tiltaket med røyrgater, tunnellar og kraftstasjonar (Lyse produksjon)

b) Overføring av Øvre Daladalen til Lyngsvatn

Det er planen å bygge tre inntaksdammar (figur 2):


- o Ein liten betongdam med flomoverløp, 1m høg og ca. 5 m lang ved utløp av Longatjørna
- o Ein betongdam med flomoverløp, 2 m høg og ca. 25 m lang, ved utløp av Hefteholstjørna
- o Ein betongdam med flomoverløp, 1 m høg og ca. 50 m lang, ved utløp av Grønkråttjørna.

Nedbørfelta som skal overførast består av snaufjell med veldig lav dempingskapasitet. For å minimere flomtapet er det difor planlagt å nytte Hefteholstjørna som magasin med 1 m senkning og 2 m heving. Hefteholstjørna har ein vannoverflate på 0,1183 km² og er med sine relativt bratte kantar godt eigna som magasin. Magasinstorleiken i Hefteholstjørna med 3 m regulering vil vere ca. 350 000 m³ (HRV: kote 742, LRV: kote 739).

For Longatjørna er det planlagt regulering som tillet 1 m heving. Med eit areal på 0,043 km² blir magasinstorleiken 43 000 m³ (HRV: kote 837, LRV: kote 836).

Den lågaste innsjøen i Grønkråttjørna-systemet har ein overflate på 0,035 km². Med regulering som tillet 0,5 m heving ved store tilsigsmengder vil magasinstorleiken vere 17 500 m³ (HRV: kote 701,5, LRV: kote 701).

Vatnet blir overført i Langhullsborra tunnelar frå Hefteholstjørna til Lyngsvatn og frå Grønkråttjørna til Lyngsvatn. Boremasser vil bli lagt ut i terrenget ved tunnelopninga mot Lyngsvatn.



Figur 2. Skisse over tiltaket – hovedalternativet. Geografisk beliggenheit av tiltaksområdet. Nedbørfelta til Longatjørna (til venstre), Hefteholstjørna (i midten) og Grønkråttjørna (til høgre) er avgrensa med raudt, overføringstunnelar er vist med stipla liner (Lyse produksjon).

2 Kunnskapsstatus om uroing og inngrep i høve til rein

Vi skil i dag mellom minst fire ulike effektar knytt til tekniske inngrep og uroing:

- 1) Arealtap som direkte følgje av direkte inngrep
- 2) Kortvarige fysiologiske og åtferdsmessige responsar hjå einskilddyr som vert utsett for uroing
- 3) Barriereeffektar
- 4) Kumulative effektar av ulike typar uroing og inngrep

Arealtap som direkte følgje av inngrep

Dette er effektar som er direkte knytt til sjølve inngrepet og som ofte har avgrensa omfang. Unntaka er tilfelle der det fysiske inngrepet dekkar store areal, eller der inngrepet har ein barriereskapande effekt. Døme på at slike effektar kan vere betydelege i høve til villrein, er etablering av vasskraft-magasin innan særskilte funksjonsområde, eller ved at viktige trekkveggar vert endra.

Fysiologiske og åtferdsmessige responsar hjå einskildindivid

Slike effektar er dokumentert hjå ei rekkje artar og oftast i samband med eksperimentelle granskingar der dyr er utsett for ulike stimuli. Desse effektane er direkte knytt til ein spesifikk uroing og minkar ofte etter kort tid. Desse effektane er oftast studert under kontrollerte tilhøve og let seg vanskeleg knyte til individet sin reproduksjon og overleving eller til populasjonen sine eigenskapar.

Barriereeffektar

Dette er effektar som kan oppstå anten ved store habitatendringar eller ved at det blir bygd lineære strukturar som er til hinder for dyra sine normale trekk mellom ulike funksjonsområde. Døme på slike inngrep kan vere vegar, jarnveg, kraftleidningar eller oljerørleidningar. Dei biologiske effektane av dette er fleire, og omfattar redusert utveksling av genetisk materiale, endring i beitebelasting og endra tilgang til viktige sesongbeite eller viktige habitat (til dømes kalvingsområde). Dei genetiske effektane av barrierar har fått betydeleg merksemd og særskilt i høve til kva effektar slik isolasjon kan ha på den genetiske variasjonsbreidda i små populasjonar. I samband med dette er det og jobba ein del med teoretiske modellar som skildrar tal migrantar eller utvekslingstrong som er eit minimum for å halde oppe genetisk variasjonsbreidde. I naturlege bestandar er det viktig at den naturlege utvekslinga av genetisk materiale vert halde oppe, og det er viktig å skilje dette frå dei meir teoretiske minimumskriteria som er sett i høve til ivaretaking av utryddingstruga artar. For villreinen sin del er barriere-effektar difor mest aktuelle i høve til beitetilgang og naturleg utveksling av genetisk materiale.

Samle-effektar av ulike typar uroing og inngrep

I nyare studiar har ein i større grad prøvd å granske dei samverkande effektane av ulike typar uroing og inngrep (Cocklin et al. 1992). Dette er ein følgje av at ville dyr er under påverknad av svært mange faktorar og at det er produktet av desse faktorene og avgrensingane i naturmiljøet som til saman gjev dei målbare effektane i form av redusert vekst, reproduksjon og overleving. Denne typen effektar kan samlast i eitt begrep: Kumulative effektar. Eit resultat av at ein i større grad har fokusert på dei samverkande effektane av ulike inngrep og uroingar er at dei direkte effek-

tane må sjåast i høve til den bestemte arten sin økologi og bestandsdynamikk. Ein viktig årsak til dette er at ein også i større grad finn negative effektar og at effektane ofte er større – og verkar over større avstandar enn ein tidlegare har trudd (Nellemann et al. 2001). Dette gjeld ikkje berre for rein, men er ålment ved at ein hos dei fleste artar oftare dokumenterer effektar og at effektane verkar over større avstandar, når ein har vurdert dei samverkande effektane av fleire inngrep.

Ulike typar effektar som er påvist hjå villrein

I samband med den tekniske utviklinga i nordområda, særskilt i Canada og Alaska, er det gjennomført ei rekke granskingar som har fokusert på effektar av tekniske inngrep eller uroingar på villrein (Wolfe et al. 2000, Bradshaw et al. 1998, Cameron et al. 1995, Carruthers & Jakimchuk 1987, Child 1974, Corey et al. 1998, Cronin et al. 1998, Curatolo & Murphy 1986, Dyer et al. 2001, Hanson et al. 1981, Nellemann & Cameron 1996, Pollard et al. 1996, Shideler 1986, Smith & Cameron 1983, 1985, Smith et al. 1994, Whitten & Cameron 1985, Wolfe et al. 2000). Dette har ført til at ein no veit meir om tilhøvet villrein/caribou og effektar av ulike tekniske inngrep og uroingar. Ein har mellom anna kunna dokumentert at reinen viser:

- 1) Auka aktivitet og energiforbruk i område med mykje uroing
- 2) Forseinka – eller heilt opphøyr av kryssing av lineære strukturar som vegar og jarnvegar
- 3) Redusert bruk/beiting i område med moderat og intensiv utbyggingsgrad/uroing
- 4) Eksponering for påkjørslar av ulike køyrety og tog

Effektar av kortvarige uroingar på reinen sin aktivitet og energibruk

Dette er ein type effektar som er kjent i samband med ei rekkje ulike typar uroingar. Granskingane som dokumenterte slike effektar fokuserte i all hovudsak på effektar av ein type uroing og ikkje på dei kumulative effektane av fleire samverkande inngrep og uroingar. Dei dokumenterte effektane knyter uroingar til redusert beitetid og energiforbruk ved flukt (Klein 1973, Gunn & Miller 1980, Horejsi 1981, Fancy 1983, Gunn et al. 1985, Valkenburg & Davis 1985, Curatolo & Murphy 1986, Tyler 1991, Harrington & Veitch 1992, Berntsen et al. 1996, Reimers et al. 2000). Dette er individuelle responsar som vanskeleg kan knytast opp mot effektar på populasjonsnivå. Forsøk har rett nok vore gjort på å relatere forventet energitap til vektutvikling hjå kalvar (Luick et al. 1996). Repeterte uroingar med fly gav påviselege endringar i haustvekt hjå kalvar, men på grunn av at uroing berre påverkar ein liten del av bestanden var det ikkje mogleg å knyte desse effektane til endringar i drektigheit eller bestandsvekst (Luick et al. 1996). Liknande granskingar har også vore gjennomført i Noreg, der ein har fokusert på fryktreaksjonar hjå forsøksdyr, eller også frykt- og fluktavstandar hjå villrein (Langvatn & Andersen 1991, Tyler 1991, Reimers et al. 2000). Ingen av desse granskingane har kunna vurdere den samla effekten av ulike typar uroing (dei kumulative effektane), eller kunna knyte effektar på individ til populasjonsnivå. Uroing i samband med jakt og insektstress har og vore fremja som verksam faktor i høve til vektutvikling hjå norsk villrein (Reimers 1980, Skogland & Grøvan 1988).

Ulike tekniske installasjonar og menneskeleg aktivitet knytt til desse kan også påverke reinsdyra ved at dei utset - eller heilt unngår å trekke mellom viktige funksjonsområde. Døme på slike installasjonar er oljerørleidningar i Alaska, der det er

påvist at reinen utset trekk i samband med kryssing av røyr-gater (Carruthers & Jakimchuk 1987). Reinen nytta i einskilde høve undergangar oftare enn tilsvarande område der det ikkje var gjort særskilte tiltak for å tilretteleggje for at reinen kunne krysse (Eide et al. 1986). Dei same granskingane har vist at reinen sine reaksjonar på røyr-gatene også kan vere situasjonsbetinga ved at flokkane viste mindre frykt-reaksjonar når dei til dømes var sterkt stressa av insekt. Vidare hadde bukkar mindre reaksjonar på inngrepa enn simler med kalvar.

Ei rekkje granskingar har også kunna dokumentere at kraftleidningar, vegar, røyr-leidningar og jarnveg kan ha ein barriereskipande effekt hjå reinsdyr (Nellemann et al. 2001, Wolfe et al. 2000). Barriereeffekta av til dømes vegar og jarnveg i betydeleg grad vil vere avhengig av trafikkbelastning, tid på døgeret og utforminga av sjølve veglekamen. Granskingar har til dømes vist at vegar som ligg høgt i terrenget og som lagar ein visuell barriere i landskapet har verka avvisande på reinsdyr om hausten og vinteren (Surrendi & DeBock 1976). Granskingar frå USA tyder på at barriereeffekta av vegar kan vere redusert ved lav trafikkintensitet. Ei rekkje granskingar har vist at sterkt trafikkerte vegar både inneber ein barriere for trekk og at uroing i samband med desse fører til auka aktivitet og redusert beitetid (Klein 1971, Surrendi & DeBock 1976, Murphy & Curatolo 1987). Betydninga av trafikknivået for barriereeffekta av slike inngrep er også demonstrert ved at dyr kan krysse slike barrierar om natta eller i periodar med mindre trafikkbelastning (Murphy & Curatolo 1987). Det er også døme på at vegstrekningar eller transportårer med lav trafikkbelastning ikkje har redusert reinen sine trekk særleg, og at tradisjonelle trekk-ruter har vore funksjonelle på tross av at dei har kryssa vegar på New Foundland (Wolfe et al. 2000). Aktivitet i samband med vegar og anleggsaktivitet har påviseleg ført til at reinen har unngått slike område på tross av at trafikkbelastninga på disse vegane var moderat (100-200 kjøretøy / døgn) (Cameron et al. 1992, Cameron et al. 1995). Avvisingssonene kring slike inngrep kan vere betydeleg og fleire granskingar har vist at tettheita av rein minkar innafor avstandar på 3- 5 km frå inngrepa (Wolfe et al. 2000, Nellemann et al. 2001).

Bruksmønster i område med moderat og intensiv utbyggingsgrad

Ein har også sett døme på at ein gradvis utbygging av tidlegare samanhengande naturområde kan medføre at ein overstig tersklar for kva villreinen tåler før områda går heilt ut av bruk. Granskingar i Alaska har til dømes vist at reinen meir eller mindre heilt unngjekk å bruke beiteområde når utbyggingsgraden i desse områda oversteig 1 km veg / km² areal (Nellemann & Cameron 1998). Fleire nyare granskingar i Noreg (mellom anna GPS-studiar på Hardangervidda) viser også at utbygging av ulik karakter (kraftleidningar, hyttefelt og vegar) anten kvar for seg eller i kombinasjon fører til betydelege endringar i villreinen sin arealbruk (Strand et al. 2006a, Nellemann et al. 2000, Vistnes & Nellemann 2001, Nellemann et al. 2001, Vistnes et al. 2001). Desse effektane er dokumentert i samband med reinen sin bruk av både sommar- og vinterbeite, og hjå både villrein og tamrein. Vi har også kunna dokumentere at villreinen sin bruk av områda er endra over tid i Setesdal-Ryfylkeheiane som følgje Ulla-Førreutbygginga og oppdemminga av Blåsjømagasinet (Nellemann et al. 2001). Dette førte til at meir enn 90 % reduksjon i villreinen sin bruk av sentrale område som var brukt før utbygginga tok til. Vi har i dag fleire døme som gjev klare indikasjonar på at slike prosessar er verksame i villreinområda. Desse døma omfattar effektar av skiløyper, hytter, vegar, vasskraftutbygging,

kraftleidningar og generell uroing som følgje av høgt menneskeleg aktivitetsnivå. Desse døma omfattar både tamrein og villrein i Rondane, Ottadalen, Nordfjella, Hardangervidda og Setesdalsheiane (Nellemann et al. 2000, Nellemann et al. 2001, Vistnes et al. 2001).

Kartlegging av gamle reinsfangstanlegg til dømes på Dovre, indikerer at det har vore eit storskala sesongtrekk for reinen her i tidlegare tider (Jordhøy et al. 2005, Jordhøy 2007). Den mest sannsynlege årsaka til at dette trekket har falle heilt ut av bruk er trafikkert veg (E-6) og jarnveg.

3 Kunnskapsstatus om villreinen i Setesdal Vesthei

Denne bolken baserer seg på kjent kunnskap om naturgrunnlag, historikk og villreinen sin områdebruk. For å få eit inntrykk av reinen sin områdebruk i tidlegare tider har ein nytta data frå fangstminneregistreringar. Ein har nytta kartfesta flokkdata frå ulike teljingar, samt GPS-data frå merka dyr for å belysa reinen sin områdebruk


3.1 Geografi og naturgrunnlag

Lyngsvatn og omegn ligg innan Setesdal Ryfylkeheiane villreinområde, som grensar mot Hardangervidda i nord og Setesdal Austhei i aust. Dette villreinområdet er vårt nest største og huser Europas sørlegaste villreinbestand. Setesdalsheiane har tidlegare i større grad vore samanhengande med villreintraktane nordover mot Hardangervidda og Nordfjella. Området er fastlandsnoregs mest marginale område for villrein på grunn av små og hardt belasta vinterbeiteressursar, samt eit utprega oseanisk verlag. Her er høg nedbør, store snømengder og hyppig nedising av beite som følgje av svingande temperaturar og hyppig lavtrykksaktivitet om vinteren. Villreinbestanden er difor underlagt strenge, naturgjevne begrensningar, i tillegg til omfattande menneskelege inngrep og uroingar i sentrale delar av området.

Setesdal-Ryfylkeheiane er dominert av, sure, harde og næringsfattige grunnfjellbergartar fra prekambrisk periode. Ved slutten av siste istid dvs. for ca 15 000 år sidan, vart store mengder lausmateriale transportert ut mot havet. Dette er hovudårsakene til at Setesdal-Ryfylkeheiane har eit så næringsfattig og karrig preg. Lengst mot nordaust kjem det stadvis opp rikare kambrosiluriske bergartar. Innan planlagt utbyggingsområde er det stadvis rikare berggrunn, så som på nordvestsida av Blåfjellvatnet der det er førekomst av fylitt (Kålås et al. 2006).

Det kuperte fjellandskapet med mykje nakent grunnfjell gjer at dei produktive areala i stor utstrekning er begrensa til dalføre og botnar. Andelen av areal utan beite, er på heile 43 % (figur 3). Lavbeitene utgjer ein liten del av det totale beitearealet, dette er den lågaste andelen samanlikna med dei andre store villreinområda. Hovedtyngda av tilgjengelege lavbeite er konsentrert til dei nordaustlege delane, fra Roskreppfjorden og nordover, mellom Setesdalen (Bykle) og vannskiljet mot vest. Tidlegare minimumsteljingar gjort om vinteren viste at hovedtyngda av reinen vart funne i desse traktane. Lavbeitene her er sterkt nedslitne, og dyra beiter difor i stor utstrekning i bjørkeregionen både vinter og vår. Reinen i området har potensielt god


tilgang på grøntbeite gjennom barmarkssesongen og topografien influerer betydelig på dette.



Figur 3. Prosentvis fordeling av sesongbeite i Setesdal Ryfylkeheiene og nokre andre villreinområde i Noreg (Jordhøy et al. 1996).

3.2 Historiske fangstanlegg i området

Ut frå førekomst og utbreiing av fangstrelaterte kulturminne i Setesdalsheiane (figur 4), indikerer det at området ikring Lyngsvatn og Sandvatnet truleg har vore randsoner i villreinområdet (Bang-Andersen 2004). Næraste sikre gravlokaliteten ligg omlag 6 km nordaust for Lyngsvatn ved Ådalen mellom Sirifjellet og Urafjellet (Bang-Andersen 2004). Vidare nordaustover frå denne lokaliteten aukar det på med graver inn mot den mest sentrale delen av heiene.



Figur 4. Oversikt over fangstgroper for rein i Setesdalsheiene. Fylte, svarte sirkler representerer sikre lokaliteter med fangstgroper, medan opne sirkler indikerer usikre førekomster med fangstgroper. Skravert område utgjør fjellterreng >900moh. (etter Bang-Andersen 2004).

3.3 Store vasskraftutbyggingar i området

Setesdal-Ryfylkeheiene er klart det villreinområdet der det er gjennomført flest vasskraftutbyggingar. Av dei største reguleringane av betydning for villreinen kan ein nemne Roskreppfjorden i sør (1967), Svartevassmagasinet (1975), Store Urevatn (1952, 2001) og Blåsjø (1987) sentralt i området, samt Botsvatn (1976) og Vatndalsvatnet (1983) i aust mot Setesdalen. Det er etablert vegar i samband med kraftutbyggingane og her er eit omfattende løypenett med tilhøyrande hytter for fotturisme.

3.4 Villreinen sin bruk av leveområdet

Villreinen sin bruk av areala her har nok vore nært knytt til området sin fordeling av beiteressursar, periodar med matmangel om vinteren og villreinen sin nomadiske livsførsel (Skogland 1984). Det geografiske bruksmønsteret har nok endra seg noko over tid og Meidell (1937) gjev eit anna bilde enn det vi kjenner som dagens situasjon. På 1930-talet oppgjev han at den sørlege delen av Vestheia vart mykje brukt om vinteren. Hovedtyngda av dyra trekte da nordover på senvinteren via austsida av Roskreppfjorden, til sommarbeiter i Bykle, Suldal og Valle.

Setesdal-Ryfylkeheiane har vore underlagt omfattande granskingar i for- og etterkant av vasskraftutbyggingsprosjekt, og resultata viser i hovudtrekk at dyra sin arealbruk i aukande grad har vore påverka av dei store vassdragsreguleringane. Etableringa av Blåsjø har saman med tidlegare utbyggingar ført til ein sterk barriereeffekt, slik at områda vest for nord-søraksen Blåsjø - Svartevatn har vorte tyngre tilgjengeleg og lite brukt av reinen. Ein må også stilla spørsmål om tihøva for utveksling av dyr mellom det såkalla Sørområdet og Nordområdet (Bykle) over austvestaksane Botsvatn - Blåsjø og Blåsjø - Store Urevatn har vorte meir begrensa (Skogland 1994). Observasjonar og fellingsstatistikk viser at tidlegare funksjonsområde ved og ikring Blåsjø er mindre nytta. Årsakstilhøva kan vere samansette, men vassdragsinngrepa saman med liten bestand er nok viktige faktorar her. Ved minkande trafikk i området etter at anlegga no er ferdige kan det nok under gunstige omstende likevel bli ei viss etablering av dyr att i områda her. Kalvinga har i tida etter etableringa av Blåsjø i stor grad gått føre seg i høg fjellsområda nord og sør for Botsvatn (Skåtan 1993). GPS-data viser også at områda på både sider av Vatnedalsvatnet – Ormsa har vore nytta av simler i kalvingsperioden. Typiske bukkeområder er til dømes Valle-Byglandsheiane, Knaberøisi og Lyseheiane. Fostningsflokkane held seg i meir sentrale delar som Vatnedalsheii, Dyreheii, Auråhor-ten og Rjuven.



Villreinflokk i Rjuven (Foto: Per Jordhøy).

3.5 Villreinen sin bruk av områda ikring Lyngsvatn – Sandvatnet

Statens viltundersøkelser samla på 1930-talet inn opplysningar om villrein i Sete-dalsheiane kommunevis (Meidell 1938). Vi refererer her ordlyden for den aktuelle kommunen:

”ÅRDAL HERRED (Rogaland)

Det forekommer villrein om sommeren i de nordøstligste delene av dette herred. Om vinteren går det villrein i beite et par steder i de sydøstligste heiene mot For-sand. Det egentlige sommerbeite eller dyrehei innskrenker seg til et relativt lite om-råde på grensen mot Bykle herred. Grensene for dyreheia faller slik: Mot nord langs herredsgrensen til Hjelmeland vest til skudenutene, herfra går vestgrensen over vest-enden av Skaudevatn og videre over Luseheia til Bergelegatraktene og ned til Tyskebotn. Østgrensen følger fylkesgrensen. I denne dyreheia går det om sommeren litt villrein, både bukker og simler, i fast beite. Vestenfor dyreheia går det om sommeren enkelte bukker et par steder, således er det, i alle fall i de sene-re årene, regelmessig sett en liten flokk størein i Klinkehorten. I heia nord for Lyngstrand (Horteheia) og i heia mellom Storhidler og Fudevatn og nord for dette, er det gjentagne ganger sett 2-3 bukker om sommeren.

Villreinen kommer til Årdal allerede i mars. De kommer da trekkende i store flokker og trenger i denne første tiden temmelig langt mot vest. Det er da meget rein helt ute i heia nord for Lyngsvatn, i Klinkehorten, i Stakkstøltraktene og i heia nordover mot Grasdalen og omkring Nilsebu. I denne første tiden om våren opptrer reinen mer uregelmessig idet den ofte trekker sydover igjen hvis det setter inn med stygg-vær av syd og sydvest. Først når det lir ut i mars og groen begynner å vise seg i sydhaldene går reinen mer stødig i beite her i de vestlige heiene. Dette tidlige gro-beitet varer ikke særlig lenge, og allerede ut i april har det meste av reinen ef-terhvert trukket seg lengre innover i fjellet og øst mot den egentlige dyrehei i dette herred og videre øst og nordover. De relativt få bukkene som blir gående somme-ren igjennom vest for selve dyreheia følger ikke med dette trekket fra vest-heiene på vårparten, men fortsetter å gå i beite her utover sommeren. Reinen som går i sommerbeite i dyreheia holder seg her til helt uti september og kanskje ennu leng-er enkelte år. Midt på sommeren (juli-august) er det minst dyr i dyreheia. Tidlig på

sommeren og mot slutten av august er det som regel langt flere dyr i beite her, idet det tidlig på sommeren ofte kommer trekkende dyr på grobeite andre steder fra (Auråvasstraktene) og likeledes kommer det sent på sommeren trekkende rein fra traktene nordøst og østfra inn i dyreheia i Årdal. I mai-juni og august-september kommer også dyrene lenger vest enn midt på sommeren, således ut til Vassrau, vestre Luseheia og vestre kanten av Skudenuten. De støreinene som går lenger vest i heiene om sommeren kan temmelig tidlig trekke østover, dette avhenger av værforholdene på sensommeren eller om de blir skremt i denne tiden. Det er som regel ikke rein å treffe her vest i jakttiden. I oktober er det aller meste av dyrene trukket ut av herredet mot vinterbeitene lenger øst og syd.

Noe større vinterbeite fins det ikke i Årdal. Dog pleier det regelmessig å gå noen småflokker i noenlunde fast beite midtvinters i traktene omkring Nilsebu og ned mot Lyngstrand og i Klinkehorten. I Klinkehorten er det i desember-januar sett flokker på opptil 20-30 dyr i fast beite. Enkelte ganger under spesielle beiteforhold kan det komme trekkende store flokker vest til Åseralheiene i januar-februar, men dette er ikke dyr som går lenger tid i beite, de farer dog hurtig sydover igjen. Trekket av rein til og fra Årdal herred foregår for største delen gjennom Kvildalsdalen og forbi Bergelega, gjennom Stordalen og Lusaheia, gjennom Litle Aurådalen og over vestre delen av Nordre Lysekammen og op forbi Kleggdalen og Nilsebuvatn. Om våren kommer det aller meste av reinen sønnenfra over Nordre Lysekammen; det meste av reinen som har vært på det tidlige grobeitet i de vestlige heiene trekker op forbi Lusaheia, gjennom Kvildalsdalen og østover Litle Aurådalen; reinen som kommer til selve dyreheia tidlig på sommeren og sent på sommeren kommer mest gjennom Kvildalsdalen og Litle Aurådalen og over Lysekammen".

Denne rapporten syner at reinen truleg nytta dei vestlege områda ikring Lyngsvatn på forsommaren. Elles kan det nok også ha gått mindre bukkeflokkar her lengre utover sommaren.

På oppdrag fra styret i Njardarheim veidemark og Erstaningsdirektoratet gjennomførte Folke Skuncke villreinundersøkelser i SR i perioden 1947-1949 (Skuncke 1950). Under omtalen av reinens vandringer støttet han seg til opplysninger som han fikk hos "oppsynsmann Anton Hellenen m.fl."

